



ØRSKOGHALLEN

## Instruks for bruk av Ørskoghallen

(Det er leigarane av aktiviteten sitt ansvar at desse vert følgde)

- ❖ Kvar brukargruppe må sjølv stille med eige førstehjelpsutstyr.
- ❖ Utstysrom er ikkje leikerom. Dørene til utstysrom skal latast heilt att under trening og sjølv sagt i etterkant av treninga.  
Born må ikkje opphalde seg der, då det er mykje tungt utstyr dei kan få utover seg.
- ❖ Berre godkjende innesko kan nyttast. Desse skal vere reine og sko som ikkje set merke. (Det er ikkje berre svarte sko som set merke).
- ❖ Nødutgangane (dørene) skal ikkje nyttast til ”vanleg” ferdsel inn og ut av hallen.
- ❖ Nødutgangane skal til ei kvar tid vere mogleg å nytte, difor må det vere fri veg til desse.
- ❖ Hovuddøra inn til hallen skal vere låst, slik at vi ikkje får trakk inn i hallen med utesko.  
Det er garderobane som skal nyttast når ein skal inn i hallen til trening.  
Dei som eventuelt vil sjå på, kan bruke tribuna eller gå gjennom garderobe og setje av seg utesko der.
- ❖ Leiar er ansvarleg for at golvet vert behandla skikkeleg når tungt utstyr skal flyttast på (t.d. volleyballstativ, trampoline og handballmål).
- ❖ Etter bruk skal alt utstyr på plass der det høyrer heime. Det er t.d. ikkje nok å få utstyret inn på utstysrommet, det må i tillegg plasserast på rett stad.
- ❖ Etter bruk skal alle dører låsast. Vidare skal alle lys slåast av. Straumutgiftene vert då vesentleg reduserte. Om neste gruppe står klar til ”å ta over”, treng ein naturlegvis ikkje sløkkje, men lås likevel dører til rom/skap som ikkje skal takast i bruk.
- ❖ Når ein forlet garderobane, skal rot og rusk vere plassert i bosskorga.
- ❖ Siste gruppe kvar kveld moppar hallen, sløkkjer alle lys og låser alle dører.

### Kjøkken:

- ❖ Ved bruk av kjøkken skal dette forlatast ryddig og reint.
- ❖ Om oppvaskmaskin har vore i bruk, hugs også å ta ut ”nyglå”
- ❖ Sjekk at alt det elektriske er slått av før du forlet kjøkkenet (støpsel til kaffitraktar skal vere teke ut).

## Garderobar:

- ❖ Etter bruk skal også desse forlatast ryddig. Dette gjeld sjølvsagt også i samband med treningar og fotballkampar på stadion. Alle skal nytte eigen uteinngang til garderobeavdelinga. Utesko skal setjast på tilvist stad.
- ❖ Før ein forlet lokala, skal lys sløkkjast og dører låsast.

## Uteområde:

- ❖ Uteområdet skal også haldast ryddig og reint.
- ❖ Alt utstyr som vert nytta i samband med arrangement av ulike slag, skal fjernast omgåande etter arrangementet (om ikkje anna er avtala).
- ❖ Det er særleg viktig å understreke at alle nødutgangar må vere opne og frie, slik at evt. evakuering ikkje vert hindra.
- ❖ Parkeringsplassane for rørslehemma må også til ei kvar tid haldast fri for utstyr og anna.

## Generelt:

- ❖ Leiar av aktiviteten skal ha gjort seg kjend med branninstruksen.
- ❖ Vis ekstra varsemd i høve til alt som kan medføre brannfare. ( Dette gjeld m.a. dette bruken av alt det elektriske og ikkje minst kva som evt. vert lagt i søppelsekkar o.s.v).
- ❖ Loggboka skal førast etter kvar gong, anten dette gjeld trening, øving, møte eller anna. (Var alt som det skulle vere ved oppstart, feil eller manglar oppdaga o.l.)? Loggen ligg på skrivepulten på vaktrommet.
- ❖ Moppelista skal også førast. Denne ligg i plastmappe på vaskeromet. (Siste gruppe om kvelden skal som kjent moppe den delen av hallen denne har nytta)
- ❖ I heile hallen kan lysstyrken regulerast. Her kan det sparast straumutgifter.
- ❖ Det skal ikkje opphalde seg "uvedkomande" på vaktrommet. Om nokon skal inn dit, må dette avtalast med leiar av aktiviteten.
- ❖ Ved bruk av lydanlegget, må dette setjast tilbake der det høyrer heime.

**«Ørskoghallen er bygd for å leggje til rette for ulike former for fysisk aktivitet og kulturaktivitetar av ulikt slag. Alle som bruker hallen, skal på best mogeleg måte sørge for å halde hallen og utstyret i hallen i god stand.»**

Ideellt sett skal det vere betre i Ørskoghallen når vi forlet denne, enn det var då vi kom!

Instruks for bruk av Ørskoghallen vedteken av driftsstyret i møte 06.11.08 – sak 4.